



Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet  
Postboks 2233  
3103 TØNSBERG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Bård Tyldum, 5557 2105

## Utkast til høyringsuttale på tenestekatalogane for fosterheim, hjelpetiltak, familievern og institusjon frå kommunane i Vestland

Denne høyringsuttala er basert på innspel frå barnevernsleiarar og sektorleiarar i Vestland, det er til saman 34 kommunar og 26 barneverntenester som har kome med sine innspel.

Det er ei variasjon i kor langt kommunane har kome i å førebu reforma, og det er stor variasjon i kor store endringar dei meiner at reforma vil krevje. Denne høyringsuttala er ei oppsummering av hovudtrekka i innspela kommunane i Vestland ynskjer å gje til Bufdir.

Dei meiner at tenestekatalogane særleg må bli tydlegare når det gjeld:

- Kva tiltak Bufetat skal og kan tilby og kva vilkår som gjeld for «kan» tiltaka
- Kva tiltak det er forventa barneverntenesta sjølv skal ha tilgjengeleg
- Grensedraginga mellom kommunalt og statleg ansvar på fosterheimsområdet
- At barnevernreforma er ei oppvekstreform må kommuniserast tydlegare

### 1. Er Bufetats tilbod til kommunane skildra tydeleg?

Katalogen må tydelegare skildre kva som ligg i Bufetat sine oppgåver. Når katalogane omtalar Bufetat sine oppgåver er det i hovudsak nyttा ordet «kan». Dette gjer det utydeleg kva forventningar kommunane kan ha til Bufetat, og kommunane fryktar dette kan vere negativt for samarbeidet.

Det må gå klart fram på kva områder Bufetat har bistandsplikt, og på kva områder dei kan tilby tiltak. Det må òg gå klart fram kva vilkår som gjeld for å få tilgang på slike tiltak. Kommunane stiller spørsmål ved om desse «kan» tiltaka vil være tilgjengelege for alle kommunar uavhengig av storleik og geografisk avstand. Dersom dette er tiltak som ikkje alle vil ha tilgang på frå Bufetat etter 01.01.2022, må dette gå klårt fram av katalogane. Kommunane må få det avklart slik at dei kan ta stilling til om dei må rigge seg for å løyse fleire oppgåver sjølv.

Fleire av dei minste tenestene vil ikkje ha ressursar til å bygge opp evidensbaserte tiltak og fryktar det vil bli mindre likeverdige tenester. Her vil fleire kommunar trenge tydelegare styringssignal frå



nasjonalt hold på korleis ein kan løyse samarbeid både internt i kommunen, òg mellom kommunar, for å auke tilgangen på hjelpetiltak.

## **2. Er teksten på hjelpetiltak dekkande?**

Kommunane meiner at det må kommuniserast tydlegare i katalogane at barnevernsreforma i realiteten er ei oppvekstreform, og involverer alle som jobbar med barn og unge i kommunane.

Tenestekatalogane kan vera eigna for å kommunisere med politisk og kommunal leiing.

Kommunane meiner likevel at dei underkommuniserer at tiltaka famnar alle tenesteområda, og heile kontinuumet av tiltak frå generelle primærforebyggande tiltak, til meir spesialiserte barnevernstiltak. Mange meiner at språk og innhald rettar seg mykje til barneverntenesta, og etterspør ei breiare innramming. Til dømes kan katalogane referere til pågående utviklingsarbeid på andre områder retta mot barn og unge, som BTI, satsing på å forebygge vald og overgrep, og tidleg innsats innan helse og oppvekst.

Tenestekatalogen om hjelpetiltak er for lite konkret og difor vanskeleg å bruke i det videre arbeidet med å førebu reforma. Mange kommunar ynskjer seg tydlegare skildringar av kva det er forventa at barneverntenesta, ev. i samspel med andre tenester i kommunane, skal ha tilgang på. Fleire ynskjer seg ei meir konkret opplisting av kva tiltak som er anbefalt. På dette området var det stort sprik i innspela. Nokre kommunar såg moglegheiter til sjølv å utforme tenestetilbodet slik dei meinte var best, medan andre ynskte tydlegare føringar. Mange var uroa for om dei ville få nok ressursar til å kunne bygge opp anbefalte tiltak, og om endringane vil føre til mindre likeverdige tenester.

Kommunane etterspør særleg ei konkretisering i katalogen når det gjeld kva dei er forventa å ha av tilbod til unge i «ettervern» og til biologiske foreldre etter ei omsorgsovertaking.

## **3. Er teksten på fosterheim tydeleg på ansvarsdelinga mellom stat og kommune?**

Det må bli tydlegare kva som meinast med spesialiserte fosterheimar. Kommunane ynskjer klargjort kva vilkår som skal ligge til grunn for kjøp av tenesta, om det er ei øvre aldersgrense, om det er ei avgrensing av kor lenge barna kan bu i spesialiserte fosterheimar og kva økonomiske rammer som vert gjeldande.

Det er uklart kva opplæring Bufetat etter 01.01.2022 skal tilby fosterheimar. Det bør òg gå klarare fram korleis kompetanseoverføringa frå Bufetat til kommunane skal skje, og kva som skal være innhaldet i dette.

## **4. Er teksten på institusjon tydeleg på tilbodet og ansvarsdelinga mellom stat og kommune?**

Kommunane ønsker ein avklaring av om auka kommunale eigendelar gjev større rom for å stille krav til kvalitet, innhald og val mellom ulike institusjonstilbod.



Eit anna spørsmål som blei reist er om endringane vil gje kommunane større handlingsrom eller sterke initiativ til å etablere akutt- og omsorgsinstitusjonar sjølv, ev. kjøpe tenester direkte frå private. Til dømes om kommunane ikkje er nøgde med pris, kvalitet og tilgjengeleghet frå Bufetat.

## 5. Er det tydeleg kva familieverntenesta kan tilby?

Fleire kommunar gjev innspel på at dei ikkje kjennar igjen tenestetilboden som er skildra i katalogen, og at dette ikkje harmonerer med det tilboden som finnast i dag. Kommunane seier at tilboden frå familievernkontora er ulikt. Så lenge fleirtalet av kommunane ikkje har familievernkontor i geografisk nærliek, vil det vera store forskjellar på kva tilbod dei ulike kommunane har tilgang på.

Tenestetilboden som skildrast i tenestekatalogane bør beskrive kva tilbod kommunane skal ha tilgang på. Dette vil gjere det enklare å vurdere kva tiltak og tenester kommunane sjølv må bygge opp. Det som går fram av katalogane må være eit minimum av kva ein kan forvente. Der det er tiltak og tilbod som ikkje gjeld alle kommunar over heile landet, bør dette gå klart frem.

## 6. Andre innspel og forslag til endringar som ikkje kjem fram av høyringsspørsmåla

Kommunane er opptekne av at dei økonomiske rammene må bli tydleg så rakst som mogleg, og at det vil vera avgjerande for å få til ei god førebuing fram mot 01.01.2022.

Barnevernleiarane er tydelege på at dei ønskjer hjelp til å forankre reforma i politisk og administrativ leiing som ei kommunal oppvekstreform.

Nokre meiner at det til dels er eit vanskeleg språk for dei som ikkje er så godt kjent med barnevernet sin terminologi. Det vil være bra med ei meir tverrfagleg innretting og enklare språk.

Etter kommunane sitt syn er det nyttig at det er utforma katalogar som beskriv Bufetat sine oppgåver, ansvar og tiltak, og som gjev anbefalingar til kva tiltak og tenester kommunane *kan* og *skal* gje til barn, unge og familiær. Det er nyttig med presiseringar av kva som er krav, forventningar og kor skiljelinjene går mellom ansvaret dei ulike aktørane har. Med nokre justeringar trur kommunane at katalogane kan være gode rettesnorer mot betre og meir likeverdige tilbod.

Med helsing

Øystein Breirem Jacobsen  
Seksjonsleiar

Bård Tyldum  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*